

Aktivt brannvern hos Systrene Nilsen

17.08.2014



**Det er nyleg halde branntilsyn hos Systrene Nilsen og
branningeniør Atle Ljosdal konstaterer at verksemda arbeider
aktivt for å førebyggja brann. Eigaren later til å vera svært
oppteken av tryggleiken i og omkring bygget.**

Det føreligg planar om å gjera ei risikovurdering
i lag med eigarar av området rundt
bygget (båthamna) for å avdekka risikomoment
for bygget og området.

I tillegg ynskjer brannvernleiar Geir Harald Nilsen
å ta kontakt med brannstasjonen i Uskedalen for å planbleggja ei øving.
Under tilsynet vart det ikkje avdekka nokon avvik eller merknader

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen